
j Giardeyiar geíma. Eit hamnenamn i *Halfs saga* – med nogo attåt

Av Eldar Heide

This article argues that the place j Giardeyiar geíma *in* Halfs saga ok Halfsrekka *is the natural harbour* Gjømma *on the island of* Gjerdøya *in Nordland county, Northern Norway. The name is normalized / reconstructed as* *Gjarðeyjar-Geymi*, which seems to mean 'the hide-out on Gjarðey'.* *Geymi *is understood as an agent noun derived from the verb* geyma *'to hide'. The harbour is located close to the main sea lane, separated from it by 50 m high cliffs, thus morphologically very similar to natural harbours bearing the name (Old Norse)* Folgsn*, meaning 'hide-out'. This interpretation implies that Halfs saga contains the first attestation of the name* Gjerdøya*. It is also noted that* Geirr *in the harbour name* Geirsver *on the coast of Finnmark is not necessarily the man's name, but could be an alternative form of* geirfugl *'great auk', which is attested only once in Old Norse.* Geirsver *is located close to the cliffs that today hold Norway's largest sea-bird colonies,* Stappan *or* Gjesværstappan*, where we should expect that the great auk survived for a long time.*

Den islandske fornaldarsoga *Halfs saga ok Halfsrekka* 'soga om Halv og kjempene hans' fortel m.a. om ei ferd som kong Hjørleiv gjer frå Rogaland med eit skip nordetter langs kysten til Dvina i Bjarmeland (ved Kvitsjøen). Der plyndrar ein tredjepart av mannskapet ein gravhaug medan éin held dei innfødde unna og den siste tredjeparten vaktar skipet – påstår soga. Frå heimferda er dette det fyrste som blir fortalt:

> Á sunnanverðri Finnmǫrk, *j Giardeyiar geíma*, lá Hjǫrleifr konungr um nótt, ok hǫfðu sveinar eld á landi, ok fóru tveir menn at sǫkja vatn til lǫkjar er fell af bjargi fram (kapittel 5, Seelow 1981: 172, normalisert her, bortsett frå det kursiverte).



Figur 1. Gjerdøya med øyane ikring. Naturhamna Gjømma ringa inn. Alle nesa til høgre er fastlandet. Frå norgeskart.no

'Sør på Finnmarka, *j Giardeyiar geíma*, låg kong Hjørleiv ei natt, og mennene hadde bål på land, og to karar fór for å hente vatn i ein bekk som fall frå eit berg.' Desse karane støyter på ein overnaturleg skapning som blir kalla både *brunnmigi* 'brunnpissar', *þræll* 'træl', *þurs* 'tuss' og *troll* og som ser ut til å bu i berget og til slutt blir drepen av kongen. Denne episoden blir drøfta i Lesley utkast 2011, medan heile denne Bjarmelandsferda er ein viktig del av bakgrunnen for Bergsveinn Birgissons dokumentarbok *Den svarte vikingen* (2013) om Geirmund Heljarskinn, som blir fødd mot slutten av soga.

Her skal det handle om namnet på staden dei ligg den natta. Så vidt eg veit har ingen drøfta kor dette er, sidan *Halfs saga* er blant sogene som er lite omsette og

kommenterte i tilrettelagde utgåver, usamanhengande som ho er. Men det er lett å finne ein klår kandidat: I Rødøy kommune utanfor Svartisen på dagens Helgeland ligg ei øy som heiter *Gjerdøya*, uttala /"jæːɽøya/ (Rygh 1905: 171), som svarar til norrønt *Gjarðey*. I sørenden av denne øya ligg ei svært god naturhamn som heiter *Gjømma*, omgjeven av tronge sund som òg er gode hamner, sjå figur 1 og 2.

Lokaltradisjonen oppfattar det slik at denne hamna heiter Gjømma fordi ho er slik at ein lett kan gøyme seg unna der med båt (opplysning frå Finn Myrvang, oktober 2013), og det høver svært godt. Skipsleia går like på austsida (stipla i figur 1), og på den sida av hamna er det høge berg, til dels over 50 m høge. Til og med skip med høge mastrer vil derfor kunne *gjømme* seg i *Gjømma*. Dersom det er rett å oppfatte namnet på denne måten, så svarar det til *Fosna* og variantar av det fleire stader på kysten. Gammalnorsk form var *Folgsn* og det høyrer til same rota som verbet *fela* 'løyne, gøyme' (< urgermansk **felhan*). Stor-Fosna utanfor Trondheimsfjorden og Kristiansund, som frå gammalt heitte Fosna, liknar mykje på Gjømma: Svært gode hamner med høge berg mot skipsleia, som går kloss framom.

Det er heller ikkje problematisk at den gamle forma *geíma* verkeleg har med verbet *geyma* å gjera. Samanblanding av *ei* og *ey* (uttala /øy/) ville lett skje, særleg for ein islending på midten av 1400-talet, då handskrifta vart skriven (Seelow 1981: 106). Då hadde kontakten mellom Nord-Noreg og Island lenge vore liten, slik at skrivaren neppe kjende namnet eller skrifttradisjon for det frå andre kjelder. Dessutan var det på midten av 1400-talet det islandske samanfallet mellom *ey* og *ei* (og *y*/*ý* og *i*/*í*) tok til for alvor (Hreinn Benediktsson 1962: 488–89), og som kjent er det i ord med veik skrifttradisjon innovasjonar fyrst syner seg i skrift. I tillegg kom itakismen fyrst i (ord som ofte står i) trykklett stilling; på det finst det døme heilt frå 1200-talet (ibid), og vi må rekne med at *geíma* ikkje hadde fullt trykk. Det er fordi det naturlege ville vera at *Giardeyiar geíma* vart uttala som eitt ord (jamfør at Guðni Jónsson normaliserer *Gjarðeyjargeima*, Guðni Jónsson 1954: 99), trass i særskrivinga. (Særskriving i strid med det som må ha vore uttalen er vanleg i norrøne handskrifter, i både særnamn og samnamn.) I eit slikt samansett namn ville *Gjarð-* ha hovudtrykket.[1]


Eg rekonstruerer altså *geíma* som **Geyma*, som er dativ (dei er i ro *j geíma*). Slik dativform er det i norrønt berre linne hankjønnsord (maskuline *an*-stammar) som har (attåt dei nøyrale *an*-stammane, som *hjarta*, som var ein lukka klasse). Nominativ blir då **Geymi*, som kan oppfattast som ein nomen agentis 'gøymar(en)', parallell til ord som *boði* 'skjer' (eigentleg: 'varslar'; det er brotsjøen over skjeret som varslar om skjeret under) av verbet *bjóða* 'by, varsle', *valdi* 'styrar' av rota i

1) Det kan tenkjast at namnet er skrive med *ey* i nokre av dei ikring 40 papirhandskriftene som finst av soga. Det har eg ikkje sett det bryet verd å undersøke, sidan det uansett er uproblematisk å føresetja eldre *ey* og sidan alle papirhandskriftene er avskrifter av Gks 2845 4to, som eg siterer her, via Seelow (1981).

vald 'makt', *sæfari* 'sjøfarar', osb. (Torp 1974 [1909]: 13). At *Gjømma* er hokjønn i dag kan koma av at dativforma var den som sigra, som i så mange stadnamn, og så vart dativendinga oppfatta som hokjønn.

Vidare går eg ut frå at det fanst både stutt- og langform av namnet: I nærområdet har **Geymi* vore eintydig nok, det vi kjenner som *Gjømma* i dag. Langt unna har ein derimot ønskt å tydeleggjera det med å setja øynamnet (i genitiv) føre – **Gjarðeyar-Geymi* – kanskje fordi det fanst andre, liknande hamner med namnet **Geymi* på kysten, hamner som no har andre namn. Slik veksling kjenner vi frå mange namn, t.d. dei mange *Sandfjord*-ane på kysten: Lokalt heiter dei berre *Sandfjorden*, lenger unna gjerne slikt som *Makkaur-Sandfjorden* og *Kinnar-Sandfjorden* (døme frå Aust-Finnmark). *Stappan* / *Gjesværstappan* nedanfor er eit anna døme.

Eit argument mot å identifisere Gjømma på Gjerdøya med *Giardeiar geíma* er



Figur 2. Naturhamna Gjømma på Gjerdøya. Frå norgeskart.no

at soga plasserer staden i *Finnmǫrk*, medan Gjerdøya ligg langt sør for *Finnmǫrk*-grensa, som vi gjerne reknar til Malangen i Troms. Men grensa har ikkje lege fast, ho har krope nordover med tida, og slik bomming er det ein god del av i sogene. Anna er heller ikkje å vente, for dei islandske sogeskrivarane kan ikkje ha hatt fyrstehands kjennskap til alle stadene dei skreiv om. Dessutan seier soga at *Giardeiar geima* ligg «sør på Finnmarka».

Svært få av hamnene frå Bjarmelands-ferdene er nemnde i sogene (utanom dei mange fantasistadene i fornaldersogene, som vanlegvis ikkje har namn). Dei som er det, er gjerne dei finaste og mest populære, som Gjesvær i Nordkapp kommune, den beste hamna ved leia nord for Troms, nemnd som *Geirsver* på ferda til Karle kongsmann og Tore Hund i *Óláfs saga ins helga* i *Heimskringla* (kapittel 133, Bjarni Aðalbjarnasson 1941 II: 232). Felles for den og Gjømma er at dei er svært godt skjerma, ligg kloss ved leia og at ein i tillegg kan segle gjennom dei – ein kan segle inn i smul hamn, og så segle ut i andre enden når ein skal vidare. Før motoren var det ein uvurderleg fordel. Slik er ikkje Gjømma no, for no fell det tørt på fjøre i to av leiene inn dit / ut derifrå (markert med grått i figur 2). Men etter strandlinjeprogrammet til Jakob Møller (på http://geo.phys.uit.no/sealev/) stod havet ved Gjømma 3 m høgre for 1000 år sidan, og då ville hamna hatt den fordelen (utan at berga ikring gøymde så mykje mindre; dei er rikeleg høge). Opplysninga om **Gjarðeyjar-Geymi* i *Halfs saga*, i kombinasjon med landskapet, tyder på at Gjømma var ein viktig stad i mellomalderen og vikingtida. Det ville vore interessant om arkeologar kunne undersøkt han. På https://askeladden.ra.no/askeladden/ er det ikkje registrert fortidsminne ikring sjølve Gjømma, og det kan vera fordi det ikkje er noko der, men det kan òg koma av ufullstendig synfaring. Fordi landhevinga gjorde staden mykje mindre aktuell etter mellomalderen, burde eventuelle spor etter aktivitet i gammal tid vera lite forstyrra.

Kanskje kan ny kunnskap om Gjømma kaste lys over namnet *Gjerdøya*, som er uforklart, for dersom Gjømma var den viktigaste staden på øya i gammal tid, så kan det tenkjast at aktivitet der har gjeve namn til øya. Både Rygh (1905: 171) og Stemshaug / Sandnes (1997: 174) fører opp Aslak Bolts jordebok frå ikring 1430 som eldste heimel for øynamnet; der er skrivemåten *Gerdøy*. *Gjardey-* i *Halfs saga* er etter alt å døme same namn, og *Halfs saga* er truleg ei mykje eldre kjelde. Jamvel om handskrifta (Gks 2845 4to i Det Kongelige Bibliotek i København) er frå midten av 1400-talet, er soga rekna for å vera frå 1200-talet, og ein skaldekjenning som viser til ei hending i soga (*Halfs bani* er ‘elden’; kong Halv vart brend inne) er brukt i skaldekvedet *Ynglingatal*, som er rekna for å vera frå 900-talet (Simek og Hermann Pálsson 1987: 141). Det fortel ikkje at soga er frå 900-talet, men likevel kan det vanskeleg vera tvil om at *Halfs saga* heimlar namnet *Gjerdøya* mykje tidlegare enn Aslak Bolts jordebok. Dobbelforma *Gerðey* / *Gjarðey* er ikkje problematisk; det er flust med slike dobbelformer i norrønt, på grunn av ulik

gjennomføring av *a*-bryting i ulike dialektar i synkopetida. Eitt av orda som har slik vakling er hokjønnsordet *gerð* / *gjǫrð* (den siste forma blir *gjarð-* i samansetjingar).

Til slutt ein merknad om namnet *Geirsver*. Stemshaug / Sandnes (1997: 174) seier føreleddet er mannsnamnet *Geirr*. Det er fullt mogeleg, og i så fall er namnet parallelt til m.a. *Henningsvær* i Lofoten. Men, slik Bergsveinn Birgisson har gjort meg merksam på, er det vel like tenkjeleg at det dreiar seg om geirfugl. Det Gjesvær er mest kjent for i dag er nemleg fuglefjella (Gjesvær)Stappan, som ligg nokre kilometer ut mot havet derifrå. Det er rimeleg om Gjesværstappan var ein av stadene som lengst hadde mykje geirfugl, for desse fjella er Noregs største sjøfuglkoloni i dag. I så fall ville sjøfararane ha sikra seg skipsproviant av lettfanga geirfugl når dei låg i *Geirsver*, slik vi veit dei forsynte seg når dei passerte geirfuglkoloniar på hi sida av Atlanterhavet i seinare tider – det var jo slik geirfuglen vart utrydda. Då ville «geirfuglværet» vera eit naturleg namn på den hamna. Denne tolkinga føreset at *geirfugl* òg kunne kallast berre **geirr* på gammalnorsk, og det burde ikkje vera problematisk. Slike dobbelformer har vi t.d. i *lunde* / *lundefugl* i moderne norsk og i norrønt *hreinn* / *hreindýri* og *bjǫrn* / *bjarndýr*(*i*). At berre *geirfugl*, ikkje **geirr*, er heimla på norrønt, er ikkje noko sterkt motargument, for heller ikkje *geirfugl* er heimla meir enn éin gong (sjå *Ordbog over det norrøne prosasprog*, http://dataonp.hum.ku.dk/wordlist_d_menu.html).

Litteratur:

Bergsveinn Birgisson 2013: *Den svarte vikingen*. Oslo.

Guðni Jónsson (red.) 1954. *Hálfs saga ok Hálfsrekka*. I *Fornaldar sögur Norðurlanda* II. 93-134. [Reykjavík?].

Bjarni Aðalbjarnarson (red.): *Heimskringla*, 1941. 3 band. Íslenzk fornrit 26-28. Av Snorri Sturluson. Reykjavík.

Hreinn Benediktsson, 1962: Islandsk språk. *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder*. VII. Oslo. 486-93.

Lesley, Helen, 2011: Three *Vættir* in *Hálfs saga ok Hálfsrekka*. Utkast, tilgjengeleg på http://www.academia.edu/3883646/Three_Vaettir_in_Halfs_saga_ok_Halfsrekka. 19 sider.

Rygh, Karl, 1905: *Norske Gaardnavne 16. Nordlands Amt*. Kristiania.

Seelow, Hubert, 1981: *Hálfs saga ok Hálfsrekka*. Stofnun Árna Magnússonar á Íslandi. Rit 20. Edition mit Einleitung. Reykjavík.

Simek, Rudolf og Hermann Pálsson, 1987: *Lexikon der altnordischen Literatur*. Kröners Taschenausgabe 490. Stuttgart.

Stemshaug, Ola og Jørn Sandnes, 1997: *Norsk stadnamnleksikon*. 4. utg. Oslo.

Torp, Alf, 1974 [1909]: *Gamalnorsk ordavleiding*. Scripta minora, Kungl. humanistiska vetenskapssamfundet i Lund, 1973-1974: 2. Nyutgåva med rättelser och register ombesörjd av Gösta Holm. Fyrsteutgåva i innleiinga til *Gamalnorsk ordbok* av Marius Hægstad og Alf Torp, 1909. Lund.